

Yrkes-NM

& utdanningsmesse

1.-3. april 2025, Førde

MESSE
AVIS

CAMPUS VERTFTET FØRDE VGS

Stor oversikt
over område
og arena

Side 6-9

Helsing frå
fylkes-
ordføraren

Side 2

Helsefag-
arbeidarane
som skal
spele sjuke

Side 14-15

YRKES-NM 2025 I FØRDE – STØRRE ENN DU TRUR!

- 1 **Norgesmeisterskap i yrkesfag**
- 2 **Utdanningsmesse med informasjon om faga i vidaregåande opplæring**
- 3 **Moglegheit for elevane å prøve ulike fag**
- 4 **Seminar, fagsamlingar og møteplassar**



HUB Yrkesfag



Vestland
fylkeskommune



VESTLAND
OPPLÆRINGSKONTOR

worldskills
Norway

– Velkomen til Yrkes-NM i Førde og Vestland!

Det er mitt fremste ønske at du som har kvalifisert deg til NM i yrkesfag får ein opptur gjennom konkurransane og opphaldet her hjå oss. Som vertskap er du hovudpersonen vår, og me ønskjer deg lukke til med konkurransane og håpar du føler deg velkomen og vert godt ivaretatt hjå oss.

Det er stort for oss å få arrangera NM i yrkesfag i Vestland fylke. Me satsar tungt på yrkesfaga, og no i mars søkte over 60 prosent av elevane til vidaregåande utdanning yrkesfag her. Behovet for fagarbeidarar aukar stadig i arbeidslivet, så trenden vil halda fram. Dermed må me heila tida villa bli betre!

Yrkesfag byggjer framtida

Yrkesfagleg kompetanse er avgjerande for samfunnet. Det grøne skiftet, ny teknologi, digitalisering, endra befolkningsamansetnad og knappe økonomiske rammer, utløyser store behov for dyktige fagfolk. Enten det gjeld byggfag, helse- og oppvekstfag, blomsterdekoratør, musikk, drama, teknologifag eller maritime næringar, er det ein ting som er sikkert: Utan yrkesfag, stoppar Noreg.

NM inspirerer ungdom!

Me trur at viljen din til å visa dyktigheit gjennom NM i yrkesfag er med på å inspirera andre til å velja den same utdanninga som du har valt. Gjennom NM viser du fram kva desse utdanningsløpa kan føre til. NM er som i ein idrettskonkurranse:

Ved at de unge talent viser toppnivåferdigheiter, så er det også ei feiring av fagkompetanse, dyktig ungdom og framtida for Norge!. Dette er kjempeviktig! Derfor er

«Lukke til med gode dagar»

yrkesfag NM på forskjellige stader i landet viktig for å auka interessa for og sikre rekrutteringa til viktige yrke.

Vestland er stolte vertar

Vestland er landets viktigaste eksportfylke, og her står yrkesfaga sterkt, både i distrikta og i storbyen Bergen, - den har heilt spesielle og stolte tradisjonar i yrkesfaglauga. Eg vil framheva det gode samarbeidet med lærebedriftene og opplæringskontora våre, og i dei tunge industri- og fiskeriområda våre, er det normalt læreplassgaranti. I heile fylket feirar me kvart år fullført fagopplæring med flotte festar med utdeling av fag- og sveinebrev.

Framtida er yrkesfag

For Vestland og for heile Noreg er det avgjerande at me fortset å løfte yrkesfaga. Me må sikre at alle som vel denne vegen får god opplæring, gode læreplassar og sterke karrieremoglegheiter, kombinert med at arbeidslivet har tilgang til den kompetansen som trengst.

Vestland fylkeskommune er stolte av å vere vertskap og me gledar oss alle til å sjå delta-karane vise kva de kan.

Lukke til med gode dagar i Førde!

Jan Askeland

Fylkesordførar Vestland fylke



Program Yrkes-NM

MANDAG 31. MARS

Kl. 18–19 Opningsseremoni,
Scandic Sunnfjord Hotel

TYS DAG 1. APRIL

Kl. 9–18 Ope for publikum
Kl. 20 NM middag*, Scandic S.

ONSDAG 2. APRIL

Kl. 9–16 Ope for publikum
Kl. 20 NM middag*, Scandic S.

TORS DAG 3. APRIL

Kl. 9–12.30 Ope for publikum
Kl. 14–15 Avslutningsseremoni og
premieutdeling, Scandic S.
Kl. 15.15 Arrangementet ferdig

SJÅ HEILE OVERSIKTA:

[worldskills.no/yrkeskonkurranser/yrkes-nm/
yrkes-nm-2025/informasjon-om-yrkes-nm-2024/](https://worldskills.no/yrkeskonkurranser/yrkes-nm/yrkes-nm-2025/informasjon-om-yrkes-nm-2024/)

*) For dei som har bestilt.

KUNNSKAPS- MINISTREN

Besøker Yrkes-NM og
utanningsmessa
2. april kl. 13-14

Messeavis for
Yrkes-NM 2025, Førde

UTGITT AV:

Vestland Fylkeskommune
Opplæringskontora
i Hub-Yrkesfag
WorldSkills Norway
Førde vidaregåande skule

TEKST OG DESIGN:
Ole Johnny Devik

Helsing frå Opplæringskontora

– Endeleg Yrkes-NM

No kriblar det verkeleg i magen! No kan vi i Vestland endeleg ønskje Yrkes-NM 2025 velkommen til Førde. Det har vore ei reise med engasjement, samarbeid og store draumar – og no står vi klare til å gjennomføre det som kan bli tidenes beste Yrkes-NM!

Det er over fem år sidan Jorunn, med sin smittande entusiasme, først lufta ideen om å få Yrkes-NM til Førde. Skepsisen var der, men lidenskapen smitta – og i 2023 reiste vi til Oslo for å presentere draumen vår for WorldSkills Norway. Det tok litt tid å modne ideen, men etter kvart fekk vi full støtte. Vedtak etter vedtak falt på plass, og så var det ein realitet: Yrkes-NM skulle til Førde!

DENNE SATSINGA HAR SAMLA støtte frå alle kantar – lokale, regionale og nasjonale politikarar, næringslivet, og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane, bidreg med økonomisk støtte. Vi veit at det krev litt ekstra innsats å arrangere NM utan ein stor hall, men vi har funne løysingar, med rammene vi treng. Ein ekstra kostnad? Ja, men ein liten investering når ein ser ringverknadane for framtida til arbeidslivet i Sogn og Fjordane og Vestland.

Vi har lenge vore i front når det kjem til fagutdanning. Før andre fylke kom i nærleiken av halvparten som valde yrkesfag, hadde vi allereie nådd milepælen. Dette er noko vi skal vere stolte av – og no får vi vise heile landet kvifor Yrkes-NM passar like godt i distrikts-Noreg som i dei største byane.

FRÅ 1.–3. APRIL 2025 BLIR FØRDE FYLT med yrande liv, konkurransar, inspirasjon og nettverksbygging. Fylkeskommunen si utdanningsmessa går føre seg samstundes, og programmet er tettpakka – både med opne arrangement og møteplassar for bransjeorganisasjonar og styre. Det kjem til å bli travelt, men mest av alt blir det fantastisk gøy! Vi er klare – og vi gler oss meir enn nokon kan ane! Velkommen til Yrkes-NM 2025 i Førde – dette blir minner for livet!

Helsing
Opplæringskontora i Hub-Yrkesfag



Yrkes-NM vert arrangert av WorldSkills Norway

Yrkes-NM 2025 sparkar laust 1.–3. april med Vestland fylkeskommune som vertskap. 6000-7000 er forventa å besøke arrangementet i løpet av dei tre dagane.

Yrkes-NM er ein nasjonal yrkeskonkurranse for lærlingar og unge fagarbeidarar som vert arrangert annan kvar år.

I år er Førde i Sunnfjord kommune møteplass, med delt arena på Campus Verftet og Førde vgs.

– I tillegg til å kåre NM-vinnarane er målet å inspirere, motivere og spreie kunnskap om yrkesfaga, seier Bjørnar Valstad, dagleg leiar i WorldSkills Norway.

Skal kåre dei beste

Det skal kårast norgesmeistrar i kring 12 ulike fag, og for fleire fagområde fungerer mesterskapet som uttak til Yrkeslandslaget og Yrkes-EM. Det er eit springbrett vidare.

– Norge har eit stort behov for fagutdanna og det er derfor viktig at fleire ungdom og foreldre ser kva moglegheiter det ligg i yrkesfagleg utdanning, sier Valstad.

WorldSkills Norway er ein ideell organisasjon som jobbar for å heve kvaliteten på og interessa for norsk yrkesutdanning, mellom anna gjennom å arrangere yrkeskonkurransar.

– Lærlingar og unge fagarbeidarar er dei beste ambassadørane for sine fag. Ved å kombinere norgesmeisterskap og utdanningsmesse på same stad får besøkande sjå Norges beste i aksjon og sjølv prøve ulike yrkesfag. Alt ligg til rette for at det skal bli festdagar for yrkesfaga i Førde, sier Valstad.

Ope for publikum

1.–3. april er Yrkes-NM og utdanningsmessa open for publikum.

– Vi oppfordrar spesielt foreldre og føresatte med born i ungdomsskulealder å ta turen innom.

Vi vet at sju av ti ungdomar rådfører seg med sine foreldre når dei skal fatte utdannings-

valg. Derfor er det viktig at foreldre har ny kunnskap om moglegheitane på vidaregåande skule. For vår del er vi jo spesielt interessert i å vise fram yrkesfagutdanningane våre, sier Bjørnar Valstad.

– Mange er ikkje er kjende med den fulle breidda av yrkesfag. I dag kan ungdom velje mellom over 200 ulike fag, så her er det noko for alle.

– Det er smart å velge yrkesfag, då det er ein fin arbeidsmoglegheit, og ein får løn under lærlingtida. Du kan unngå dei store studielåna, seier Valstad.

Utdanningsmesse

Elevane i Vestland fylke er invitert til messa av fylkeskommunen, og det er ordna eigen busstransport til og frå messa. Målet er at utdanningsmessa skal presentere breidda i utdanningstilbod på vidaregåande skule, og at elevane skal få så god informasjon om fag og utdanningsområde.

Representantar frå opplæringskontor, skular, bedrifter og fylkeskommunen vil informere om dei ulike utdanningsvalga. Og kanskje kjem det nokon spennande gjestar til messa?

DESSE FAG VERT DET ARRANGERT NM FOR

BYGG- OG ANLEGGSTEKNIKK

- Tømrrarfaget
- Anleggsmaskinførarfaget
- anleggsgartnarfaget
- betongfaget

HELSE- OG OPPVEKSTFAG

- Helsefagarbeidar

TEKNOLOGI- OG INDUSTRIFAG

- Yrkesjåførfaget (godstransport og persontransport)
- Mekatronikk
- Sveising
- Industrimekaniker

ELEKTRO OG DATATEKNOLOGI

- Elektrikerfaget (Regionsmesterskap)
- Automasjon



Bjørnar Valstad, dagleg leiar i WorldSkills Norway.



Fagskulerektor gler seg over yrkesfagboom

Vi spurte rektor for Fagskulen Vestland Torbjørn Mjelstad kva han meinte om Yrkes-NM og utdanningsmessa.

Kva betyr dette arrangementet for regionen?

–Vestland har i dag en historisk høg del av ungdomane som vel yrkesfag. Over 60%. Dette er svært gledeleg for arbeidslivet i heile Vestland som har stort behov for fagkompetanse i åra som kjem. Fagskulen gjer eit viktig bidrag til desse ungdomane som vil ha meir utdanning og få ein karriere moglegheit innan sine fagområde.

Eit slikt stort arrangement som yrkes nm er bidreg til å syne mangfaldet innan yrkesfag og kan gje inspirasjon til å velje litt annleis en kva ein hadde tenkt.

Kva gledar du deg til?

–Eg gler meg til å følgje dei ulike konkurransane å få sjå flott ungdom som brenn for sine fag. Det gjer meg håp for framtida.

Har du noko råd til ungdomane som vitjar Yrkes-NM og utdanningsmessa?

–Eg oppfordrar ungdomane til å vere nysgjerrige, spørje og grave om mogelegheiter innan dei ulike faga, og velje fagskuleutdanning etter nokre år i arbeidslivet. Vi har tilbod tilpassa dei fleste yrke og vi tilpassar utdanningane våre til dine behov.

TORBJØRN MELSTAD



GRATIS PROGRAM: Utdanningsmessa vert arrangert parallelt med Yrkes-NM, og er eit unikt høve til å gi elevane informasjon om dei ulike utdanningsprogramma. (Illustrasjonsfoto: Morten Wanvik / Vestland fylkeskommune).”

– Yrkes-NM er møteplass med utdanningsmesse og rådgjeving

Under Yrkes-NM kan du møte mange ulike delar av lokalt utdanning- og næringsliv. Her er ein moglegheit til å få oversikt over moglegheitane i mange fagområde.



RANDI MARIE RINGSTAD,
i fylkeskommunen er klar til å ta imot 5000 elevar i Førde.
Foto: Privat

Utdanningsmessa vert arrangert parallelt med noregsmeisterskapen. Her kan elevane bli betre kjent med ulike yrkesfaglege utdanningsprogram. Bedrifter, fagskular, høgskular, opplæringskontora og lokalt næringsliv vil vere til stades for å presentere seg sjølve og yrka dei representerer. Dei kan svare på spørsmål, og gi råd til elevar som vurderer vidare utdanning.

–Utdanningsmessa er ein unik arena der elevane kan møte fagfolk og lære meir om yrka. Her får dei høve til å stille spørsmål direkte til dei som faktisk jobbar i bransjen, og få ei heilskapleg oppleving av kva yrkesfaga har å tilby, seier Randi Marie Ringstad, fagkoordinator i Vestland fylkeskommune.

Campus Verftet

Utstillere

Utdanningsmesse

Konkurransesag NM

Annet

TELT 1

- 1 Worldskills Norway
- 2 Ungt Entreprenørskap
Jenter og Teknologi
Høgskolen i Vestland
Fair Play bygg og anlegg Vestland
- 3 Fagskolene
- 4 Campus Verftet/Folkehøgskulen
- 5 Statkraft Energi AS
- 6 Bravida
- 7 Elektro og datateknologi
- 8 NM Anleggsgartnerfaget
- 9 Anleggsgag
- 10 Naturbruk
- 11 Informasjonsteknologi og medieproduksjon
- 12 Salg, service og reiseliv
- 13 Musikk, dans og drama
- 14 Scene
- 15 Veidekke
Veidekke Entreprenør AS
- 16 Nordfjordkompaniet
- 17 Bygg- og anleggsteknikk
- 18 Elektro og datateknologi
- 19 Helse- og oppvekstfag
- 20 Håndverk, design og produktutvikling
- 21 Salg, service og reiseliv
- 22 Teknologi- og industrifag
- 23 Informasjonstorg
- 24 Informasjonstorg
- 25 Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign
- 26 Informasjonsteknologi og medieproduksjon
- 27 Medier og kommunikasjon
- 28 Naturbruk
- 29 Restaurant- og matfag
- 30 Musikk, dans og drama
- 31 Studieforbereidende

KONKURRANSEARENA GRUS

- 32 NM Anleggsmaskinfører

UTEPLASSEN VEST

- 33 Naturbruk
- 34 Transferd AS
- 35

TELT 2

- 36 Sogn Opplæringskontor
- 37 Sogn Opplæringskontor
- 38 Utdanningsdirektoratet
- 39 Landsorganisasjonen i Norge
- 40 Landsorganisasjonen i Norge
- 41 Ledig
- 42 Fossedal Trafikkskule AS
- 43 Bilhuset Førde AS
- 44 Firda Billag Buss
- 45 Kårstad AS
- 46 Byggmakker Bruland AS / Bruland Bygg AS
- 47 Cargill
- 48 GK Norge
- 49 Frydenbø, Bil ASV AS
- 50 Bilskadesenteret AS
- 51 Proresult AS
- 52 Saga Fjordbase AS
- 53 Hydro Aluminium AS Hydro Energi Sogn
- 54 Havyard Leirvik AS
- 55 RørNorge + Opplæringskontor
- 56 Ventilasjon og blikkenslager
- 57 Bygg- og anleggsteknikk
- 58 NM Tømrerfaget
- 59 NM Betongfaget
- 60 Bygg- og anleggsteknikk
Førde Sementvare
- 61 Transport og logistikk
- 62 Teknologi- og industrifag

UTEPLASSEN ØST

- 63 Simulatorbil
- 64 Ledig

KONKURRANSEARENA ASFALT

- 65 NM Persontransport og NM godstransport

HALL 1

- 69 Energifag
- 70 Stolpeklatrning
- 71 BIM fag
Energimontør


HALL 2

- 72 Nammo
- 73 NM Automatisering
- 74 CAD- faget Yrkeslandslaget
- 75 Norsk Industri
- 76 Robotssystem Yrkeslandslaget



Sjå heile programmet

Les av QR-koden, eller sjekk worldskills.no/yrkeskonkurranser/yrkes-nm/yrkes-nm-2025/informasjon-om-yrkes-nm-2024



Hovedinngang



Du står her

Buss av-/påstigning



HUGS VARME KLEDE!
Nokon av utstillarane er utandørs, så følg med på veret og kle deg deretter;)



Arena Førde VGS

Utstillere

Utdanningsmesse

Konkurransesag NM

ARENA FØRDE VGS

- 77 NHO Elektro Førde
- 78 NM i sveisefaget
- 79 NM i Industrimekanikerfaget
- 80 Bilfag
- 81 Utrykningsetatene
- 82 Restaurant- og matfag
- 83 Restaurant- og matfag
- 84 Frisørfag
- 85 NM i Helsefagarbeider
- 86 Helse Førde HF
- 87 -
- 88 Opplæringskontoret for offentlig sektor



Du står her

 Buss av-/påstigning

Hovedinngang 



Vil du vite meir om fag og utdøvarane?

Les av QR-koden, eller sjekk
[worldskills.no/yrkeskonkurranser/yrkes-nm/
yrkes-nm-2025/utovere-yrkes-nm-2024/](https://worldskills.no/yrkeskonkurranser/yrkes-nm/yrkes-nm-2025/utovere-yrkes-nm-2024/)



LITT AV DET DU KAN PRØVE PÅ STANDANE

Naturbruk stand: Ved kløving, skogsmaskinsimulator, garn, navigasjons utsyr og tippekurransar.

Elektrostand: Stolpeklating

Fagskulen: Dem av høgspenst og landmåling (hall 1)

Bygg- og anleggsteknikk: Lafting. Konkurransar

Frisør, blomster og interiør og eksponeringsdesign: «drop in» frisør timar og andre kjekke ting.

Helse og oppvekstfag: Prøv eit fag

Informasjonsteknologi og medieproduksjon: Prøv eit fag

Salg, service og reiseliv: Prøv eit fag

Restaurant og matfag: Pop-up restaurant

Teknologi- og industrifag: dekkskift, lakk simulator, elektriske koblingar, simulator lastebil

Medier og kommunikasjon: Foto med profesjonelle kamera. Bildekomposisjon og redigering.

Musikk, dans og drama: Sang og danse show gjennom dagane på scene i telt 1

Studiespesialisering: Informasjon på fagstand




Foto: Hanna Tekla Poor, 2kda Førde vgs.

SOFATALK med Leo Ajkic Scenen på Campus Verftet

1. og 2. april kl. 13-13:30
3. april kl. 12-12:30



FØRDE VGS
er arena for
NM i sveisefaget,
Industrimekaniker-
faget og Helsefag-
arbeider

Leo Ajkic tek turen til Førde

Leo Ajkic som kjend frå TV med seriane «Flukt» og «Rus» vil vere å finne på NM. Leo vil kvar dag besøke Campus Verftet. Her vil han prøve aktivitetar ilag med dykk! I tillegg vert det sofaprat med ungdommar om viktigeheit med tema og spørsmål som elevane har sendt ut i forkant.

Få med dere Sofapraten tysdag og onsdag på Verftet Arena.



Foto: Pressefoto

–Kjekt med Yrkes-NM til Sunnfjord og Førde vgs!

Både for elevane og for dei tilsette er det stas at Yrkes-NM er lagt til Sunnfjord, og at Førde vgs kan huse delar av dette store arrangementet. Som ein stor skule med 12 utdanningsprogram og ca. 1000 elevar er eg sikker på at vi i løpet av desse dagane vil få mykje inspirasjon, fagleg påfyll, nye venner og mykje liv og røre!

Helsing frå Mats Bryne, rektor Førde vgs



KJAPT OM VERTSKAP

Fortell litt om oppgåva de har?

–Vi har fått i oppgåve og vere vertar. Vist folk har spørsmål eller treng hjelp så skal vi guide dei og hjelpe dei rundt om i skulen.

Ser du fram til Yrkes-NM og utdanningsmesse?

–Ja. Eg ser fram til denne veka. Det er noko eg aldri har vert med på før og det blir nok lærerikt og spenande. Og så må vi ikkje ha skule timar så det er jo eit pluss.

Meldte de dere som frivillige?

–Nei, vi fekk vite at vi skule vere med på dette og det var det.

Kva forventningar du har til deg sjølv og publikum?

–Mine forventningar er at det blir nokre hektiske dagar for oss og publikum så det blir nok travelt for begge partane.

Er det artig med ei slik stor messe på Førde vgs?

–Ja. Det er ei artig ting og få vere med på, absolutt.

Har du andre tankar om dette oppdraget?

–Eg har ein god følese og dette kommer nok til og inspirer folk til og utdanne seg og kanskje vere dei som ein gang skal vere med på Yrkes- NM.



SERVICE OG VERTSKAP: Elevane i vg1 Sal, service og reiseliv ser fram til å vere vertar på Yrkes-NM:

Foto: Ole Johnny Devik

**WHO YOU
GONNA CALL?**
Om du treng hjelp
under Yrkes-NM,
 finn vertane.

Vertane klar for gjestane

Med 5000 besøkande elevar, mange tilreisande i tillegg til NM-deltakarane, så vert det nok av liv og røre på Verftet Arena og Førde vgs. 1.-3. april.

Ansvar for å samle trådane kvilar på skuldrane til elevane på Sal, service og reiseliv. Som vertar under Yrkes-NM skal dei hjelpe med informasjonsflyt og oppfølging under arrangementet.

Til dageleg driv elevane butikkutsalg på Førde vgs, der dei i tillegg til utplassering i bedrift får eit godt innsikt i faget, og det å kommunisere med kundar.

VERT: Benjamin Dogan går vg2 sal og reiseliv på Førde vgs

VI SNAKKA MED BENJAMIN DOGAN, i vg2 – om kva han tenker om oppdraget.



Fagskulen:

Tettpakka program

Fagskulen er ein av dei mest aktive ustillarane og arrangørane under Yrkes-NM i Førde 1.-3. april. Dei har stands og demonstrasjonar både i teltet og hallen både tysdag og onsdag.

Vi snakka med utdanningsleiar på byggavdeling i Førde, Jytte Kristin Eikenes. Ho er kontaktperson mellom leiargruppa i Fagskulen Vestland og Yrkes-NM.

Kva rolle har Fagskulen 1.-3 april?

–Vi deltek med stand og informasjon om høgare yrkesfagleg utdanning. Viktig å synleggjere for ungdommen at yrkesfag er viktig, og at om ein ønsker å studere så er det ein veg vidare etter fagbrevet.

Kvifor deltek fagskulen?

–Det er eit behov for å synleggjere denne karrierevegen betre. Ein er ikkje nødd å ta studiespesialisering for å bli ingeniør til dømes. I tillegg til dei tekniske utdanningane har fagskulen og tilbod innan helse, maritime utdanningar og grønne utdanningar.

Kva er din kjennskap til NM i yrkesfag og utdanningsmessa?

–Vi har deltatt på utdanningsmesse før. Det er første gong eg er med på NM i yrkesfag. Andre i fagskulen har vore med på dette andre stader.

Er dette ein viktig møteplass?

Det er viktige møteplassar, for å synleggjere mogelegheiter og tilbod som fins.

Kor mange timar har de jobba med dette, kor mange av dere vil vere med på messa?

–Heile leiargruppa til Fagskulen Vestland stiller i Førde i forbindelse med yrkes-NM. Vi har lagt leiarmøtet vårt her

av denne grunn. I tillegg vil dei fleste av lærarane og dei administrativt tilsette ved studiestad Førde delta på stand og i eine hallen for å demonstrere ulike lab-fasilitetar og andre praktiske aktivitetar vi har i nokre av utdanningane våre. Det har gått nokre timar i planlegging, men vanskeleg å talfeste.

Kva er det mest spennande fagskulen viser elevane denne messa?

–I programmet vårt ligg det litt smell og gnister frå høgspenlaben vår. Vi har to landmålarar som vil vise korleis i jobber med dette faget, og fortelle om kva jobbmogelegheiter ein har innan dette yrket. Vi har og scanning-utstyr som ein kan få prøve, og sjå det i 3D på PC, og få høyre om dei ulike jobbane ein kan bruke dette. I tillegg har vi materialprøvestasjonar og automasjon-lab.

TEKNOLOGI DEMO: Jytte Kristin Eikenes viser fram noko av utsyrtert som ein kan få sjå og prøve på NM i yrkesfag og utdanningsmessa i Førde.
Foto: Fagskulen





TEKNOLOGI OG 3D: Det er mogleg å sjå 3D-program og korleis fagskulen sine ulike teknologi vert nytta. Mellom ann landmåling og 3D-scanning.

Kva tenker de om dette arrangementet?

–Vi gleder oss til å møte alle dei flinke deltakarane som kjem, og sjå kva dei deltek med. Det er veldig kjekt at vi har fått dette arrangementet til Førde.

Kva tanker har de om fagskuleutdanninga og lærlingar? Er yrkesfagleg kompetanse viktig?

–Yrkesfagleg kompetanse er veldig viktig i dag, og i framtida vil det berre bli meir behov. Vi treng yrkesfagleg kompetanse på alle nivå i arbeidslivet, fagarbeidarar med og utan fagbrev, og dei som vel å utdanne seg vidare i fagskulesystemet; enten det er som fagskuleingeniør eller innan helse, det maritime og marine eller i dei grønne faga.

Kven er de mest ute etter å møte på NM?

–Det er framtidige studentar som er det viktigste møtepunktet for oss i denne samanheng. Da er både elevlar og foreldre viktige. I tillegg er dette eit fint møtepunkt med næringsliv og opplæringskontora.

Kva vil de seie til dei som har lyst å kome innom på messa, kvifor bør ein det? Kvifor bør dei kom innom?

–Alle er hjerteleg velkomne! Vi gleder oss til å få informere om kva mogelegheiter som fins innan høgare yrkesfagleg utdanning. Og så er det jo mykje spanande vi har å vise i hallen, så ta turen innom der og lær noko nytt.

FOR MEIR INFO: Sjå fagskule.no for meir info om fagskulen sine arbeidsområde, og Yrkes-NM deltaking.

PROGRAM

Fagskulen Vestland

Tysdag 1. april

STAND I TELTET

kl. 9–18: 50 000 informasjon

HALLEN

- Høgspent lab kl. 10, 11, 12:30, 13:30 og 14:00
- Automasjon kl. 9–18
- Landmåling kl. 10–14: Her kan en få prøve seg som landmålar, og få informasjon om jobbmuligheter.
- Betongtesting og materialvegg kl. 9–18: Knekking av betong for å teste styrke, alternative byggemateriale.
- Scanning og 3D kl. 9-18: Her får en prøve å sanne lokalet, og se det overført til pc i 3D.

Onsdag 2. april:

STAND I TELTET kl. 09–16

Kurs for næringslivet «Presentasjonar på 1–2–3» (sjå side 17)

kl. 8-12 – det blir servert frokost

HALLEN

- Høgspent lab kl. 10, 11, 12.30, 13:30 og 14:00
- Automasjon kl. 9–16
- Landmåling kl. 10–14: Her kan ein få prøve seg som landmålar, og få informasjon om jobbmuligheter.
- Betongtesting og materialvegg kl. 9–16 — knekking av betong for å teste styrke, alternative byggemateriale.
- Scanning kl. 9–16: Her får en prøve å sanne lokalet, og se det overført til PC i 3D.



LANDMÅLING: Ein av aktivitetane ein kan prøve på utdanningsmessa er landmåling.

Foto: Fagskulen

Skal late som dei er sjuke

Elevane på Vg2 Helsefagarbeidar-faget skal ta på seg rolla som pasientar og pårørande under Yrkes-NM.

– Dei seks jentene har meldt seg friville til å hjelpe til under Yrkes-NM, og er alle elevar på Førde vgs.

– Vi skal vere skodespelarar eller statistar, forklar Erla i vg helse og oppvekst!

Ho og fleire av elevane har fått i oppdrag å vere skodespelar under Yrkes-NM.

– Vi skal hjelpe dei som skal konkurrere i NM, og så har vi nytte av det sjølv også ettersom vi skal ha eksamen i noko liknande der vi skal ha skodespel, seier Erla.

– Vi får utdelt ei rolle, og så få vi litt informasjon om den. Vi kan anten vere brukarar eller pårørande, slik at dei som konkurrerer kan prøve å behandle oss.

Elevane gleda seg også til å observere under NM, for den eine dagen skal dei følgje med og sjå korleis dei deltakande arbeider under konkurransen.

– Det er jo veldig kjekt at dei brukar Førde vidaregåande skule til å gjennomføre Yrkes-NM, seier jentene.

– *Kva forventningar har de frå arrganørane?*



– Dei vil jo at vi skal leve oss litt inn i korleis det er å vere dement, ha slag, eller vere pårørande. Vi må jo berre prøve det vi kan i å verke truverdige, slik at dei kan få utført den hjelpa dei skal gi oss.

– Vi har jo fått kompetanse gjennom skuleåret til å vite korleis ein skal opptre når ein har fått ein sjukdom som slik som dement, og korleis vi skal utøvde den rolla, seier Sandra.

– Jentene har vore i praksis tidlegare og møtte dei med dement på sjukeheim, slik at dei kan kjenne igjen trekk som dei vil ha.

– Då vert det lettare for oss å vite korleis vi skal oppføre oss.

– Klarer de å la vere å kommenter dersom de ser at deltakarane gjer feil når dei behandlere dykk?





SKODESPELARANE SAMLA:
Dei seks jentene, Nora, Erla, Linea, Sandra, Silje og Solveig skal delta som skodespelarar under NM for helsefag.

«De blir ein veldig god læring for oss, ettersom vi skal ha ein eksamen som er lik denne»

Elevane på vg2 HEA, Førde vgs

TRENING TIL EKSAMEN: Det er viktig å kunne behandle pasientar i eigna lokale, som på øvingsromma på Førde vgs. Men i NM-veka skal elevane oppleve den andre sida av faget.

–Vi må jo kanskje det, for det er jo deira oppgave å rettleie oss å utføre det. Vi har jo fått ei rolle vi må halde på heile tida.

Tips til deltakarane

–To av lærarne til elevane som underviser på Førde vgs. skal vere dommarar under tevlinga, og jentene meiner dei har noko gode tips å føre vidare til deltakarane.

– Ein viktig kompetanse å vise til dommarane, er at helsefagarbeidarane tar hensyn til heile bilete og passer på både brukarane og dei pårørande, tipsar elvane.

–Dette samtidig med at ein respekter brukarane og dei pårørande sine ønskje, samtidig som ein gir forsvarleg og god helsehjelp.

Elles tipsar dei om at å passe god hygiene og god kommunikasjon både på tiltak og pleieplan, og er god å svare på spørsmål frå pårørande.

–Det er også viktig at ein brukar dei fer-



digheitane og kunnskapane ein har lært seg gjennom praksis, læretid og på skulen. At ein møter desse ulike brukrane.

Spesialrom og arena

Skulen har fleire spesialrom, mellom anna to øvingsrom og ei eiga «leilegheit» som speglar det ein møter i heimetenesta og ute blant brukarane, utstyrt med moderne velferdsteknologi. Blant anna heve og senkeseng. Dette for at dei skal vere godt rusta til å møte nye moderne metodar i arbeidslivet seinare.





SMAKFULL POP-UP:
Vg1 Restaurant og matfag si ungdomsbedrift «Smakfull UB» og vg2 Kokk og servitør er klare til å mette mange gjesta.

Stiller med Pop-Up-kafe til NM

Restaurant og matfag skal vere visningsfag under NM, og ha stand i hjarterommet ved sidan av opplæringskontoret for hotel og matfag.

Vg1 restaurant og matfag i lag med Vg2 kokk og servitør skal ha eigen stand og tilby mat og drikke til besøkande. Med over 5000 besøkande er det mange munnar og mette.

Vi møtte elevane mens dei pakka ned kaker på kjøkkenet, på ein heltisk dag med praktisk matlaging. Dei hadde klare planar for kva dei ville tilby gjestane på Yrkes-NM og utdanningsmessa.

Rask mat på menyen

–Vi skal selje pizza, kebab, hamburger og pommefrites og diverse kaker, og noko som er glutenfritt, seier elvane.

–Og kaffi og brus, legg dei til. – Til ein rimeleg pris,



MAT TIL NM: Hilde Joveig Ellingsund i lag med Sandra Fureli Johnsen, nestleiar i «Smakfull UB». Begge gleder seg til å ta imot gjestane under NM.



«Vi tilbyr god mat til gode prisar»

Elevane på Restaurant og matfag og Kokk og servitør om Pop-Up kafeen sin.

berre tretti kroner for eit kakestykkje.

Elevane ser fram til å få ny erfaring med å yte service i tillegg til matlaging.

–Nytteverdien er at vi lærar masse, og vi får inntektene av salg, som kjem til, seier dei, og håper mange vil nytte seg av tilbodet, og besøke pop-up kaféen under.

–*Synst det er spennande med NM på skulen?*

–Vi får sjå, vi veit jo ikkje kor mange som kjem til å nytte seg av tilbodet, seier, som er nestleiar i ungdomsbedrifta.

Ein av dei har tenkte å gå kokk og servitør-lærling, så kanskje kan det vere aktuelt med å prøve seg på ein NM-kvalifisering i framtida.

Positiv avdelingsleiar

–Eg synst i alle fall det er veldig spennande, seier avdelingsleiar for Restaurant og matfag og Helse og oppvekstfag, Hilde Joveig Ellingsund.

– Det er viktig at ein har fokus på yrkesfag på landsbasis. Og uansett kva yrkesfag det er, at ein kan ha ein konkurranse og vise fram moglegheitane med faga. For yrkesfaga er framtida.

–*Har du tru på at elevane vil lage god mat til gjestane?*

–Det har eg. Veldig god tru på at kjem til å lage veldig god mat. Dei har skillsa inne, og evne til å yte god service.

–Elevane vil ha ope pop-up kafeen på tysdag og onsdag. Så for dei som blir svolten av å følgje med på Yrkes-NM og utdanningsmessa, så finst det ein moglegheit til litt påfyll.

–God mat til gode prisar, avsluttar dei.

KURS UNDER NM

For deg som vil bli betre til å presentere

Vil du gjere presentasjonane dine meir profesjonelle, truverdige og engasjerande? Dette formiddagskurset gir deg praktiske tips for å gje presentasjonane dine eit løft.

Kurset passar for deg som ofte presenterer i jobbsamanheng, og som vil styrke både innhald og formidlingsevne. På kurset lærer du enkle grep og triks for å lage presentasjonar med betre innhald, form og gjennomføring. Du får teste på eigen PC undervegs. Kurset er gratis!

Tid: 2. april frå kl. 8-12.

Stad: Fagskulen Vestland sine lokale på ytre Øyrane i Førde.

Mat: Det blir servert frukost.

Forkunnskap: Ingen.

Kurshaldarar er Magnhild Rommetveit Fivelstad, Terje Lyngstad, Karin Piel, lærarar kommunikasjon, marknadsføring og leiing ved Fagskulen Vestland.

PÅMELDING

fagskulen.no/
arrangement/
betre-
presentasjonar
-pa-1--2--3/



Kursprogram

- 08.15 – 08.30 Registrering
- 08.30 – 09.00 Introduksjon av workshopen
- 09.00 – 09.30 Frukost
- 09.30 – 10.00 Korleis vekke interesse hjå mottakaren og skape flyt i presentasjonen?
- 10.00 – 10.15 Pause og mingling
- 10.15 – 11.00 Korleis skape truverdig innhald i presentasjonar, og korleis utøve det i praksis?
- 11.00 – 11.15 Pause og mingling
- 11.15 – 11.50 Korleis løfte presentasjonen ved hjelp av ulike teknikkar?
- 11.50 – 12.00 Oppsummering og takk for i dag



LIV HORVEI

ASSISTERANDE
REKTOR,
FØRDE VGS.

Kva ser du mest fram til på Yrkes-NM?

–Eg gleda meg til å sjå dei flinke elevane konkurrere i dei ulike faga. Og til å vitje messeområde

Kva tenkjer de om at messa ligg i Førde og er i Vestland?

–Det er god reklame for både yrkesfag og byen Førde.

Har du tips til deltakarane?

–Gjer ditt beste. Det er alltid godt nok.

EIVIND HUSABØ

PROSJEKLEIAR UNGT ENTREPRENØRSKAP
VGS. OG HØGARE UTDANNING

Kva ser du mest fram til på Yrkes-NM?

Å sjå dei flinke lærlingane i aksjon. Yrkesfag kan ofte vere undervurdert, men det trur eg er i ferd med å snu mykje takka vere arrangement som dette. Dette er ein glimrande arena å få vist fram dei ulike yrkesfaga. Eg gledar meg til å sjå lærlingane skinne.



Kva tenkjer de om at messa ligg i Førde og er i Vestland?

Det er jo heilt topp. Arrangementet bidreg til å setje Førde og Sunnfjord på kartet. No får vi jo snart VM i vekt løfting også. Det vitnar om mange flinke folk i Sunnfjord som har både initiativ og stå på vilje til å gjennomføre arrangement av denne storleiken.

Har du tips til deltakarane?

Det er berre å gunne på og vise kva det er i stand til, så vert det veldig bra.



GEIR JOHME

FAGLÆRAR TEKNOLOGI-
OG INDUSTRIFAG

Kva ser du mest fram til på Yrkes-NM?

–Eg ser mest fram til konkurransane i sveising og industrimekanikarfaget. Blir spennande å følgje med og sjå kven som kjem heilt til topps. Eg skal vere med som dommar i industrimekanikarfaget, og difor får eg ikkje kikke på alle dei andre deltakarane. Og ikkje mist alle dei ulike aktivitetane som skjer på Førde Vgs og Campusverftet.

Kva tenkjer de om at messa ligg i Førde og er i Vestland?

–Førde er ein fin bygdeby der utdanningsinstitusjonane og næringslivet får vist fram kva talent og ressursar som er her. Tilreisande får vere med på ei unik utdanningsmesse der næringslivet får visst seg fram frå si beste side. Vanlegvis er det kun dei store byane som har arrangert Yrkes-NM.

Har du tips til deltakarane?

–Planlegging er halve arbeidet. Førebu deg godt og følg planen. Hold hodet kaldt og bruk tida godt, og vær nøyen med detaljar. Det er ofte dei ørsmå detaljane som avgjer om det blir suksess eller fiasko. Men, mest av alt er det viktig å ha det gøy.



Vestland
fylkeskommune

Bli med på
Yrkes-NM og
utdanningsmesse i
Førde 1.-3. april 2025.

Sjå Noregs beste elevar i yrkesfag konkurrere om NM-tittelen og prøv deg på faga på utdanningsmessa.

Les meir →

worldskills
Norway

Velkommen
til Førde!





**Stolt
medarrangør
Yrkes-NM
2025**

**– Vi er der
for deg som
er eller vil
bli lærling!**

Pro Vestland Opplæringskontor støttar rekruttering, opplæring og kvalitetssikring

Vi er eit bransjekontor for teknologi- og industrifag, salsfag, administrasjonsfag og medieproduksjonsfag. Vi jobbar med og for bedrift og lærling, for å sikre best mogeleg resultat. Vi er ei non-profit stifting oppretta i 1997.

Håndtering av lærlingar er vår primære oppgåve. I tillegg hjelper vi til med praksiskandidatar, frivillige lærlingar og tilrettelegging av kurs. Pro Vestland Opplæringskontor består av eit mangfald av bedrifter i heile fylket.



ENKELT OG TRYGT Å VERE LÆRLING OG LÆREBEDRIFT

Vi rekrutterer lærlinger til våre medlemsbedrifter og følger opp lærlingane frå søknad om lære plass til fagarbeider. Vårt mål er å gjere fagopplæring enkelt og trygt for lærling og lærebedrift. Saman formar vi framtidens arbeidskraft.

VÅRE SAMARBEIDSPARTNARAR

Vestland fylkeskommune
NI – Norsk Industri
Trøndelag fylkeskommune
NHO – næringsliv i skulen
Vidaregåande skular
Virke



provestland.no

Concordbygget, Firdavegen 6
Telefon: (+47) 57 83 22 60
E-post: post@pro.sf.no

PRO


**VESTLAND
OPPLÆRINGSKONTOR**



HUB Yrkesfag

Yrkes-NM & utdanningsmesse

1.-3. april 2025, Førde



Følg
Yrkes-NM
2025 på
Instagram!

Foto: Hanna Teklia Poor, 2kda Førde vgs.